

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE VEST RHF

STAD: Maritim Hotel, Haugesund

MØTETIDSPUNKT: 05.04. 2018, KL. 0830 - 1600

Sak 040/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Bente Pilskog hadde meldt forfall til møtet. Arvid Storegjerde møtte som vara.

Dagsorden:

Pasient- og brukaromboda var ikkje på plass før kl. 10.30. Sak 044/18 blei difor flytta til før sak 043/18.

Per Karlsen måtte fråtre møtet kl. 1400. Sak 047/18 blei difor flytta til før sak 046/18.

Dokument som var ettersendt:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt til møtet:

- Tidsplan for styremøtet
- Sak 045/18 KORRIGERT Vedlegg 2 - styret si årsberetning for 2017

Saker til eventuelt:

Det var ikkje meldt om saker til eventuelt.

Vedtak (samrøystes)

Innkalling og dagsorden blei godkjent.

Sak 041/18 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 07.03. 2018

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF
7. mars 2018.

Sak 042/18 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Adminstrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Adminstrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Styret ønskja styrebehandling av høyringa:

- Rapport frå ekspertutvalet som har vurdert nye oppgåver til fylkeskommunane med høyringsfrist 9. mai

4. Regionale planar under arbeid

Adminstrasjonen viste til utsendt notat.

5. Lærlingar i helseføretaka

Følgjande krav er stilt til helseføretaka i styringsdokumentet for 2018:

Sørgje for at alle helseføretaka har eigne lærepllassar innan helsefagarbeidarfaget, og avklare kor mange lærlingar føretaket bør ha.

I tillegg til krav i oppdragsdokumentet for 2018 har Helse Vest frå 2005 stilt sjølvstendige krav til eigne lærlingar i styringsdokumenta til føretaka uavhengig av styringskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Det er tidlegare stilt krav om å sikre fleire lærepllassar i tråd med måla i «Samfunnskontrakt for fleire læreplasser». Dette er særleg viktig når det gjeld helsefagarbeidarar.

Per april 2018 er det 227 lærlingar i helseføretaka og Helse Vest IKT AS.

Styret presiserte at dei ønskjer større auke i talet på lærlingar en det helseføretaka legg opp til, og ønska at det blei starta eit arbeid i saman med helseføretaka for å etablere fleire lærepllassar. Styret var og opptekne av å vurdere oppgåvedelinga i sjukehusa, særleg mellom legar, sjukepleiarar og fagarbeidarar.

6. Analyse av kunnskapsinnsatsen i Helse Vest

Adminstrasjonen presenterte kunnskapsinnsatsen i Helse Vest. Styret ønskja ein presentasjon av RegUt sitt arbeid i eit seinare styremøte.

7. ForBetrin - resultat av undersøking

ForBetrin undersøkinga har ein svarprosent på 80%. Resultata av undersøkinga på overordna nivå blir gjennomgått i eit seinare styremøte. Den lokale oppfølginga av resultata av undersøkinga blir viktig i forbettingsarbeidet.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 044/18 Rapportering frå verksemda per februar 2017

60

Oppsummering

Helsefaglige indikatorar og sjukefråvær

Kort status pr februar 2018	Nasjonalt mål	Helse Vest	
DRG aktivitet - % avvik målt mot i fjor	1,5 %	✓ 3,0 %	✓ 3,0 %
Gjennomsnitt ventetid behandla somatikk	60	▲ 61	▲ 61
Gjennomsnitt ventetid behandla BUP	60	✓ 42	✓ 42
Gjennomsnitt ventetid behandla PHV	60	✓ 38	✓ 38
Gjennomsnitt ventetid behandla TSB	60	✓ 27	✓ 27
Fristbrot behandla pasientar	0 %	◆ 2,3 %	▲ 2,3 %
Prosentdel korridorpasientar somatikk	0 %	▲ 2,0 %	▲ 2,0 %
Epikrisetid psykisk helsevern	100 %	▲ 84 %	▲ 84 %
Epikrisetid somatikk	100 %	▲ 87 %	▲ 87 %

Tabellen viser grad av måloppnåing denne perioden i høgre kollonne og førre periode i venstre kollonne.

Kort status pr februar 2018	Regionalt mål	Regionalt mål		Helse Stavanger HF		Helse Fonna HF		Helse Bergen HF		Helse Førde HF	
		Helse Vest	Helse Vest	Helse Stavanger HF	Helse Fonna HF	Helse Bergen HF	Helse Førde HF	Helse Bergen HF	Helse Førde HF	Helse Bergen HF	Helse Førde HF
DRG aktivitet - % avvik målt mot i fjor	1,5 %	✓ 3,0 %	✓ 3,0 %	✓ 3,8 %	◆ -0,4 %	✓ 2,4 %	✓ 9,1 %	✓ 2,4 %	✓ 9,1 %	✓ 2,4 %	✓ 9,1 %
Gjennomsnitt ventetid behandla somatikk	60	▲ 61	▲ 61	◆ 66	✓ 59	✓ 59	✓ 60	✓ 59	✓ 60	✓ 59	✓ 60
Gjennomsnitt ventetid behandla BUP	35	◆ 42	◆ 42	◆ 57	◆ 47	▲ 32	▲ 23	▲ 32	▲ 23	▲ 32	▲ 23
Gjennomsnitt ventetid behandla PHV	40	◆ 38	✓ 38	◆ 43	✓ 38	◆ 41	✓ 22	◆ 41	✓ 22	◆ 41	✓ 22
Gjennomsnitt ventetid behandla TSB	35	✓ 27	✓ 27	✓ 28	▲ 24	✓ 19	✓ 18	✓ 19	✓ 18	✓ 19	✓ 18
Fristbrot behandla pasientar	0 %	◆ 2,3 %	◆ 2,3 %	◆ 4,1 %	▲ 2,3 %	◆ 1,9 %	▲ 1,1 %	◆ 1,9 %	▲ 1,1 %	◆ 1,9 %	▲ 1,1 %
Prosentdel korridorpasientar somatikk	0 %	▲ 2,0 %	▲ 2,0 %	◆ 3,3 %	▲ 1,5 %	▲ 1,0 %	▲ 0,4 %	▲ 1,0 %	▲ 0,4 %	▲ 1,0 %	▲ 0,4 %
Epikrisetid psykisk helsevern	100 %	▲ 84 %	▲ 84 %	◆ 69 %	▲ 89 %	▲ 93 %	▲ 88 %	▲ 93 %	▲ 88 %	▲ 93 %	▲ 88 %
Epikrisetid somatikk	100 %	▲ 87 %	▲ 87 %	▲ 83 %	▲ 83 %	▲ 88 %	▲ 96 %	▲ 88 %	▲ 96 %	▲ 88 %	▲ 96 %
Samla sjukefråvær	5,5 %	◆ 7,7 %	◆ 7,7 %	◆ 7,5 %	◆ 8,5 %	◆ 7,7 %	▲ 6,8 %	◆ 7,7 %	▲ 6,8 %	◆ 7,7 %	▲ 6,8 %

Tabellen viser grad av måloppnåing denne perioden i høgre kollonne og førre periode i venstre kollonne. Oversikt over grenseverdiar er presentert i vedlegget.

Statusen på helsefaglege indikatorar per februar syner at utviklinga har betra seg noko den seinaste månaden, både når det gjeld korridorpasientar, ventetider og fristbrot, men det er framleis fleire målsettingar helseføretaka ikkje når.

Målsetting for ventetid er sett til 50 dagar innan 2021. Vi må ta ein runde med HF-a for å diskutere korleis me skal legge måla fram til 2021. Det er styret i Helse Vest som til sist må avklare dette spørsmålet, basert på ein tilråding frå administrerande direktør.

Akkumulert økonomisk resultat per føretak

	Februar			Hittil pr. Februar		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	-149	-192	42	1 789	863	926
Helse Bergen HF	-1 662	9 099	-10 762	3 433	18 198	-14 765
Helse Fonna HF	1 149	4 361	-3 212	5 473	8 722	-3 249
Helse Førde HF	6 217	2 333	3 884	8 390	4 667	3 723
Helse Stavanger HF	-7 034	6 667	-13 701	8 382	13 333	-4 951
Reservar/fellestenester/finans	35 738	35 251	487	78 950	71 015	7 935
Administrasjon morselskap	1 413	-478	1 890	2 945	-951	3 896
Helse Vest IKT AS	-1 382	-1 311	-72	-7 145	-7 298	152
Til saman	34 288	55 731	-21 443	102 216	108 551	-6 334

Alle tall i hele tusen

Ventetid

Ventetidsutviklinga per februar 2017 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 60 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 52 dagar. Ser ein på ventetidsutviklinga på fagområdenivå, sett opp mot dei regionale målsettingane som Helse Vest har satt, ser ein at utfordringane på regionalt nivå framleis er størst innan psykisk helsevern for barn og unge, målt opp mot dei regionale målsettingane. Basert på klare tilbakemeldingar frå HOD/statsråden, er det viktig at arbeidet med den gylne regel no blir ytterlegare intensivert, slik at målsettingane kan nåast. Dette er og klart understreka i oppfølgingsmøta som administrerande direktør har hatt med helseføretaka den 22.02.18. Det er såleis tatt grep rundt budsjettprosessen, samt at det er understreka ein klar forventning til at ventetidene skal reduserast slik at målsettingane blir nådd.

Fristbrot

Etter at utviklinga i talet fristbrot for behandla pasientar i hovudsak peika feil veg fram til sommaren i 2017, var det mot slutten av året ei betring i prosentdelen fristbrot for regionen samla, både for ventande og dei som har starta behandling. I februar 2018 gjekk delen behandla med fristbrot igjen litt ned. Dette er og eit punkt som er tydeleg meldt tilbake til helseføretaka i oppfølgingsmøta som er gjennomført. Fristbrota skal vekk.

Korridorpasientar

I 2017 har prosentdelen korridorpasientar samla sett vore på om lag same låge nivå som tidleg i 2016. Det har vore litt forbetring i haust, og den samla delen på korridor ligg rundt 1,5 % innan somatikken. Innan psykisk helsevern er det svært få pasientar på korridor. Historisk

har utfordringane med korridorpasientar innan somatikken vore størst i Helse Stavanger, men Helse Fonna ligg og på same nivået no. Prosentdelen korridorpasientar gjekk opp i januar 2018, særleg i Helse Fonna og Helse Stavanger, noko som hadde samanheng med høgt belegg i samband med influensaepidemien. I februar 2018 blei prosentdelen på korridor redusert.

Epikriser

Ser ein på utviklinga i prosentdelen pasientar som har fått epikrise innan sju dagar etter utskriving, så har utviklinga vore rimeleg «flat» over fleire år for alle dei fire helseføretaka, både innan Psykisk helsevern og somatikk. Helse Førde og dernest Helse Bergen ligg nærmast den nasjonale målsettinga om 100% utsendt innan sju dagar.

Sjukefråvær:

Per februar 2018 var det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest på 7,70 %. Det sjukemeldte fråværet for februar 2018 var på 6,02 %. Frå februar 2017 til februar 2018 har det samla sjukefråvær gått ned med 0,07 % og det sjukemeldte fråværet ned med 0,02 %. Det er færre sjukefråvårsdagar i februar 2017 enn i februar 2018, og færre netto moglege dagsverk i februar 2017 enn i februar 2018. Dette påverkar om sjukefråværet går opp eller ned.

Per februar 2018 hadde 53,27 % av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 %, og 59,12 % av einingane hadde eit sjukemeldt fråvær under 4,5 %. Generelt går det samla sjukefråværet litt opp i alle føretak frå januar 2018 til februar 2018.

Heiltid:

Sidan desember 2010 har 6 844 medarbeidarar fått høgare stillingsprosent i føretaksgruppa Helse Vest. Av desse 6 844 medarbeidarane er det 4 601 medarbeidarar som har fått 100 % stilling og 2 243 medarbeidarar som har fått høgare stillingsprosent.

Grenseverdiar ventetid:

Styret var samde om at for å nå målsettinga om 50 dagars gjennomsnittleg ventetid i 2012, bør grenseverdiane for ventetid regulerast ved å fordele målsettinga på antal år.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 28. februar 2018 til etterretning.

Pasient- og brukaromboda i Helse Vest, Gro Snortheimsmoen Bergfjord og Rune J. Skjælaaen presenterte årsmeldinga og tenesta til pasient- og brukaromboda

Sak 043/18 Årsmelding 2017 frå pasient- og brukaromboda i Helse Vest

Oppsummering

Pasient- og brukaromboda i Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland har lagt fram årsmelding for 2017 kvar for seg. Det er også utarbeida ei nasjonal årsmelding frå Pasient- og brukaromboda i Noreg, www.pasientogbrukerombudet.no

Pasient- og brukaromboda arbeider for å ivareta pasientane og brukarane sine interesser og rettar overfor spesialisthelsetenesta og overfor den kommunale helse- og sosialtenesta.

I årsmeldinga kommenterer pasientomboda dei oftast nemnde problemstillingane og formidlar synspunkt på område som klart kan forbetrast.

I dei fleste tilfella er det nok at pasientomboda gir informasjon og rettleiing. Dette er informasjon som helsepersonell i utgangspunktet har ansvar for å gi slik at pasienten kan ivareta sine rettar som pasient.

Klagesaker til pasientomboda utgjer eit viktig grunnlag for forbettingsarbeid i helseføretaka.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 045/18 Årsoppgjer 2017

Oppsummering

Resultatet for føretaksgruppa viser eit overskot på til saman 576 648 402 kroner. Resultatet for Helse Vest RHF viser eit overskot på 471 941 902 kroner.

I resultatet for Helse Vest RHF ligg ei netto reversert nedskriving på eigardel i helseføretaka på 56 123 887 kroner, som er ei justering av eigardelen i helseføretaka som har hatt overskot, justert for feil i tidlegare års rekneskap, slik at den svarer til eigenkapitalen deira. Den reverserte nedskrivinga er ført tilbake i konsernrekneskapet slik at ikkje overskota blir tekne med to gonger. Resultatet for Helse Vest RHF utan denne reverserte nedskrivinga er kr 415 818 015.

Driftsresultat før av- og nedskrivingar i føretaksgruppa viser eit overskot på 1 683 819 104 kroner. Ordinære avskrivingar utgjer 1 147 080 746 kroner og nedskriving av driftsmidlar utgjer 16 295 138 kroner. Nedskrivningsbeløpet er knytt til bygg som skal rivast i samband med utbygging ved Haugesund sjukehus.

Resultatkraav frå Helse- og omsorgsdepartementet var i 2017 balanse i rekneskapet.

Styret stilte krav om eit overskot på 313 millionar kroner for føretaksgruppa samla.

Resultat i føretaka (millionar kroner):	2017	2016	2015
Helse Bergen HF	87,7	175,5	207,4
Helse Stavanger HF	20,5	25,7	71,3
Helse Fonna HF	8,9	54,6	40,2
Helse Førde HF	26,5	4,6	15,0
Sjukehusapoteka Vest HF	14,3	16,9	15,3
Helse Vest IKT HF	0,6	1,8	-0,5
Helse Vest Innkjøp HF	-0,5	0	0,3
Helse Vest RHF	415,8	447,2	329,8
Tilknytta selskap	2,8	-2,4	1,0
Sum rekneskapsresultat	576,6	724,1	679,8

Resultatet frå føretaksgruppa er 263,6 millionar kroner betre enn resultatkravet som styret har stilt krav om.

Styret si årsberetning:

Følgjande korrigering om sjukefråvær i styret si årsberetning på side 7 var sendt ut:

«Per desember 2017 har 60,86 prosent av einingane i føretaksgruppa eit totalt sjukefråvær under 5,5 prosent. 57,57 prosent av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 prosent. Samla sjukefråværsprosent for Helse Vest i 2017 var 7,1 prosent. Det sjukemeldte fråværet for desember 2017 var på 6,33 prosent, som er ein liten auke samanlikna med i fjor.»

Styret ba om ein ekstra språkvask av årsberetninga.

I siste avsnitt på side 5 ønska styret å peike på kravet i oppdragsdokument om leveranse på «den gyldne regel»

Styret peika også på at årets resultat er på eit nivå som bidrar til at vi kan gjennomføre framtidige investeringar, og ønskja å legge inn ei setning om at det også i åra framover er nødvendig med eit overskot på same nivå for å realisere framtidige investeringar.

Før vedtak i sak 045/18 Årsoppgjer 2017, blei det gjennomført møte mellom revisor og styret. Møtet var lukka for andre enn styret og revisor jf. revisorlova § 2-3

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjenner årsrekneskap for Helse Vest RHF og Helse Vest føretaksgruppe med dei merknader og kommentarar som kom fram i møtet. Årets overskot i Helse Vest RHF kr 471 941 902 blir ført mot annan eigenkapital med kr 476 110 936, mens kr 4 169 034 blir overført frå fond for vurderingsforskjellar. I resultatet ligg tilbakeføring av tidlegare kostnadsført underskot i dotterføretak med kr 56 315 010 og ei nedskriving av eigardelen i Helse Vest Innkjøp HF med kr 191 123. Årets overskot i Helse Vest føretaksgruppe kr 576 648 402 blir ført mot annan eigenkapital med kr 577 848 936, mens kr 1 200 534 blir ført frå fond for vurderingsforskjellar.
2. Styret vedtar årsberetning med dei endringane som kjem fram i møtet.
3. Styret gir administrerande direktør fullmakt til å foreta mindre, redaksjonelle justeringar i årsrekneskapet og årsberetninga.
4. Styret legg årsberetninga og årsrekneskapet med kontantstraumanalyse og noter fram for føretaksmøtet til godkjenning.
5. Styret godkjenner erklæring om fastsetting av lønn og anna godtgjersle til leiande tilsette, inkludert retningsliner for fastsetting av lønn og godtgjersle for 2018. Jf. note 6 i årsrekneskapen.

Sak 047/18 Orientering om arbeidet med anskaffing og innføring av IKT-løysing for rekneskap og budsjett, bestilling og vareforsyning

Oppsummering

Styret i Helse Vest godkjende i sak 46/17 anskaffing av ny IKT-løysing for føretaksgruppa Helse Vest som dekker vareforsyning, bestilling, rekneskap og budsjett, og at kontrakt vil bli tildelt den tilbydaren som har det økonomisk mest fordelaktige tilbodet i medhald av gjennomført konkurranse.

Styret ba om at det blir gjort ei vurdering av korleis HF-styra skal involverast i dei vidare prosessane. Styret ønskte ein presentasjon av styringsmodellen som prosjektet blir styrt etter, herunder bruk av ekstern kvalitetssikrar.

Styringsmodellen

Arbeidet er organisert som eit program med eit programstyre, programleiring og fleire regionale prosjekt under programmet med tilhøyrande styringsgrupper.

I programstyret er alle sjukehusføretaka representert med økonomidirektør og direktør med ansvar for varelogistikken (intern service). Dei andre føretaka er representert med økonomidirektør. I tillegg deltek administrerande direktør i Helse Vest IKT AS, prosjektdirektør i Helse Vest RHF og konsernillitsvald. Økonomi- og finansdirektør i Helse Vest RHF er programeigar. Programstyret rapporterer vidare til Porteføljestyret i Helse Vest.

I prosjekta er føretaka representerte både i styringsgrupper, prosjektgrupper og arbeidsgrupper. I tillegg deltek alle føretaka i referansegruppene. Det er mogeleg for tillitsvalde å delta i alle styringsgrupper og prosjektgrupper.
Det er også etablert lokale prosjekt i kvart føretak.

Involvering av HF-styra

Anskaffing av systemløysing for dette aktuelle området vart godkjend i Helse Vest styret.
Arbeidet med anskaffing, framdrift og klargjering av ny felles systemløysing har vore tema på styreseminar for alle HF-styra, seinast i oktober 2017.

Administrasjonen vil i tida framover sjå inn i korleis HF-styra på ein betre måte kan bli involvert i store ikt-anskaffingar. Dette for å sikre tydeleg og god samhandling og forankring på store ikt-investeringar som treff heile føretaksgruppa. Dette vil bli fylgt opp gjennom eiga sak om tilpassingar og vidareutvikling av gjeldande investeringsregime der prosessen for avgjerd om store IKT-prosjekt som treff heile føretaksgruppa blir gjort endå tydlegare.

Ekstern prosjektrevisjon

Selskapet A2 gjennomførte ekstern prosjektrevisjon i perioden desember 2017 til februar 2018.

Prosjektrevisjonen omhandla blant anna områda:

- Organisering, bemanning og beslutningsstruktur
- Prosjektteamet og samarbeid mellom partane
- Planar, gjennomføring, styring og rapportering

Vedtak (samrøystes)

Styret tok saka til orientering.

Sak 046/18 Orientering om regionalt prosjekt om kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi

Oppsummering

Helse Vest er i gang med å vurdere funksjonsfordeling innan kreftkirurgi og tiltak for å sikre god utnytting av samla kirurgikapasitet i regionen. Det er gjort kartlegging og analyser av datagrunnlag både for kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi i regionen. Vidare ser prosjektet på andre faglege krav som Helsedirektoratet har satt til sjukehus som skal drive med kreftkirurgi. Både Helse Fonna og Helse Førde har lekkasje av pasientar til Helse Bergen som dei sjølve kunne tatt hand om. Prosjektet vurderer om det er mogleg å sette i verk tiltak slik at føretaka i større grad tar hand om pasientar frå eige opptaksområde.

Det vil bli lagt fram ny sak for styret i Helse Vest i september 2018.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest tok informasjon om regionalt prosjekt for kreftkirurgi og annan elektiv kirurgi til orientering.

Sak 048/18 Orientering frå det regionale brukarutvalet

Oppsummering

Linn Bæra oppsummerte frå regionalt brukarutval og orienterte om arbeidet med brukarmedverknad i regionen.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok sak til orientering.

Sak 049/18 Eventuelt

Det var ingen saker til eventuelt.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Skriv 01 - Brev frå Helse Vest RHF til HOD, 060118 - Rapportering pr. november 2017
- Skriv 02 - Møtereferat Regionalt Brukarutval 250118

Vedtak (Samrøystes)

Styret tok skriv og meldingar til orientering.

Torunn Nilsen

05.04.2018

Einar Strømsvåg

Styreleiar

Tone Berntsen Steinsvåg

Nestleiar

Katrine Trovik

Medlem

Gunnar Berge

Medlem

Sigurd Hille

Medlem

Olin Johanne Henden

Medlem

Sett:

Bente Sissel Pilskog

Medlem

Lise Karin Strømme

Medlem

Tom Guldhay

Medlem

Arvid Storegjerd

Varamedlem

